




Topptrioen Gunn Mri Moberg, Bente Nilsen og Kjersti Børve med blomehelsing frå Norgestoppen

For mange år sidan sa ein norsk skeisedeltakar i OL som vart nummer 2 at sølv var eit nederlag. Det er topptrioen Gunn Mari Moberg, Bente Nilsen og Kjersti Børve i SPAR i Uskedalen ikkje samde i - dei held også sølv for å vera ein siger. Og no har dei sigra nok ein gong med å kapra andrelassen i kundeundersøkinga i april og mai.

Dei har gjort det godt mange gonger før, med både singlar og andrelassar. 270 butikkar tevla og her i bygda vart over 300 kundar spurde. Dei var så nøgde med butikken sin at han fekk 5,3 medan vinnaren i Flatanger i Trøndelag fekk 5,4 og Ådland på Stord 5,25 som nummer 3.



[Helsinga ssom kom frå toppen hadde denne budskapen](#)

Kjededirektør Ole Fjeldheim har sendt over ein praktblome til dagleg leiar Bente Nilsen der han skriv at måten ho inspirerar dei ansatte på har gjeve Noregs kanskje mest fornøgde kundar. Helsinga er underteikna av Ole, Martin og resten av SPAR-teamet på servicekontoret.

- Det er svært tett i toppen og eg er imponert over at vi har plassert oss så bra nok ein gong, seier ei glad Bente som minnar om at det er staben som står bak plasseringa.

Vår lokale butikk har mellom 500 og 600 kundar om dagen og dei fleste er altså såre tilfredse med måten dei vert mottekne på.

- Eg er imponert over at dei ansatte held kvaliteten så høgt over så lang tid, seier ho.

Tekst, foto og nett. Ola Matti Mathisen